



Med OECD til Nord-Norge - PÅ DEN 3. SIDE

NORDLYS
15.10.2015 Side 3

Sveinung Eikeland, Viserektor regional utvikling UIT Norges arktiske universitet ■ Organisasjon for økonomisk samarbeid og utvikling

... (OECD) var nyleg ei veke i Nord-Noreg som ein del av ei vurdering det gjer av muligheter for utvikling i tynt busette område i nord. Vurderinga inkluderer 14 regionar, der Nordland, Troms og Finnmark inngår. OECD skal gje råd om korleis regionane i nord i Europa kan komma godt ut i den globale økonomiske konkurransen sjølv om dei er langt unna dei store marknadane.

■ OECD samla nordnorske erfaringar gjennom ei reise med Hurtigruta frå Bodø til Kirkenes. Reisa fall saman med stormen som vart varsla som den mest ekstreme på fem år. Mange av dei som skulle møte OECD undervegs nådde ikkje fram, og lokale besøk måtte avlysast. Dette formidla nok sterkare enn noen møte og intervju dei særlege avstands- og tilgjenge utfordringane i nord.

■ Dei 14 nordiske regionane i nord utgjer eit nettverk av fylke med spreidd busetting. Dei har bede OECD å gjera ein slik analyse. Initiativet er primært på svensk og finsk side der utfordringane er mye større enn i Nord-Noreg. Håpet der er at OECD skal levera ein analyse som medfører at EU forsterkar innsatsen i nord. OECD har også egne agendaer som pleier å vera knytt til å fremja marknadsstimulerande løysingar og verkemiddel som ikkje er områdeavgrensa. Slike løysingar er svært utfordrande for norsk politikk der regionalpolitikk enten er inspirert av regionale strategiar i EU som «smart spesialisering» er (Nordland), eller heimelaga som den norske statlege tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms.

■ Vurderinga til OECD skal også gjerast i ein periode der regionalpolitikken i nord vil måtta endrast. Denne har i mange tiår handla om tiltak som bremsa sentraliseringseffektar av at arbeidslivet blir geografisk konsentrert. Verkemiddela har vore politisk styrte og dei er område avgrensa. Viktige er tiltakssonen for Nord-Troms og Finnmark, Sametingets næringspolitikk (16 kommunar i Nord-Noreg) og innføring av grensebuarbevis som også inkluderer delar av



befolkninga i Murmansk oblast. Vidare regionalt differensiert arbeidsgjevaravgift (RDA) og regionale utviklingsprogram (RUP). Dei fleste er kraftige og har hatt effektar. Nord-Noreg har til dømes ein langt større del av folkemengda utanfor byane enn det sørvestlandet har.

■ I den nye utviklinga i nord gjer den utvida interessa for naturressursane at næringsverksemd blir utvida til nye og gjerne avsidene område, medan den menneskelege motoren som gjer satsingane til ein kunnskapsstrategi vil bu som det sømer seg slike og dreg i sentraliserande retning. Drivkreftene er snudd. Noreg har sagt at det vil utvikla stader i nord som er gode å bu i og der folk som skal stå i spissen for den nye utviklinga i nord ønskjer å bu. Det er inga løysing å fly folk inn og ut til industricampar.

■ Reisa i stormen førte OECD til Bodø, Harstad, Tromsø, Hammerfest og Kirkenes, alle er eller blir vertskommunar for universiteta i nord og er mellom vinnarane i kampen om kandidatar frå universiteta. Bodø og Tromsø er dei einaste kommunane i nord der over 30 % av vaksne har fullført høgre utdanning. Men framfor alt såg OECD stadar i den andre enden av skalaen: Kystkommunar med lange og vanskelege avstandar til universiteta og med under 15 % andel høgre utdanning. OECDs utfordring er om slike kystsamfunn (og tilsvarande landbrukskommunar) kan få til utvikling utan områdeinnretta offentleg innsats.

■ Men også vinnarane vil møte utfordringar. Omlag 75 prosent av studentane til universiteta er 20-29 år. I 2025 vil folkemengda i denne gruppa i regionane som omgir dagens campusar i nord bli mindre enn dei er i dag. Her er store variasjonar, men det er berre Vest-Finnmark med Alta og Hammerfest som i 2025 har kan komma til å ha fleire 2029 åringer enn i dag. Før 2025 er det større håp. Konjunkturbarometer for Nord-Norge (KB) seier at det neste tiåret blir avgjerande for om Nord-Noreg vil sikra grunnlaget for vekst i framtida fordi da vil Finnmark ha 24%, Troms 21 % og Nordland 14 % fleire 2535 åringer i dag. KB oppmodar industri, universiteta og andre til å handla det neste ti året. Så spørst det om OECD kan gje oss gode råd.

■ OECD markerte avsluttinga av reisa i Kirkenes med ein konferanse. Der var det fire innlegg frå Nord-Noreg, to om høgre utdanning og forskning, eit om vegar og eit om telemedisin. Desse representerer dei meste sentrale institusjonane når det gjeld å leggja rammer for utviklinga i nord, men dei alle utfordrar også regionalpolitikken. OECD svarte i stor grad med fagøkonomiske inspirerte innlegg. Kanskje er det ein god ide, og leit hos den klassiske liberale økonomen Jean B Say (1767-1832): Byggjer vi opp ein produksjon oppstår det alltid markadar for den. Bygg infrastruktur. Samferdsel og datanett gir god både tilgjenge i nord og mellom nord og det globale samfunn. Auk kapasiteten til universiteta og forskingsinstitutta. Dette dreg framifrå folk til landsdelen, og det vil fanga opp den store bølga av unge det neste ti året. Vi veit at samfunna i nord får dette tilbake: UITs kandidatundersøking (2015) viste at over 80 prosent av våre ferdige kandidatar som budde i nord før dei starta å studera hos oss arbeider i landsdelen 2-4 år etter studiane.

Bildetekst:

- VISEREKTOR: Sveinung Eikeland er viserektor regional utvikling UIT Norges arktiske universitet

© Nordlys